



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Einar Heegaard, 51568872

## Høyring av forslag til frivillig skogvern;

### Utviding av naturreservatet Hesten i kommunane Forsand og Strand

**Grunneigarar i området Hesten i kommunane Forsand og Strand i Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Dette er ei utviding av Hesten naturreservat. Me sender forslag til vernegrense og verneforskrift på samordna lokal og sentral høyring i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova.**

#### Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trekte opp viktige prinsipp og satsingsområde for opptrappinga av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledd areal. Målet med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland sender ut forslag i tråd med tilbod frå grunneigarane, om å utvide Hesten naturreservat med nye område gjennom ordninga frivillig skogvern.

Opprettinga av naturreservat som vern, er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Målet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til verneforslaget med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide forslag til vern og føresegner. Direktoratet har også gjort ein fagleg gjennomgang før høyring.

#### Sakshandsaming



I brev av 03. oktober 2016 sende Vestskog, på vegne av grunneigarar i Forsand kommune og Strand kommune, tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Basert på kartleggingar av areala i 2009, 2011 og 2014 vart naturverdiane samanfatta av Miljøfaglig Utredning AS saman med Biofokus og Rådgivende Biologer, i 2015. Det vart påvist mange naturtypar med svært høg verdi i dette området.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet, sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 04. april 2018. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneforslaget omfattar nye areal på gnr./bnr. 44/2, 57/5, 57/6, 58/1, 59/2, 64/5 og 64/49 i Strand kommune. Med denne utvidinga vil forslaget til Hesten naturreservat omfatte areal på følgjande eigedomar, Forsand kommune: 1/1, 3/1, 4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/5, 5/1, 5/2, 5/3, 6/1, 6/2, 6/3, 6/4, 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5 og 7/6, og Strand kommune: 44/2, 57/1, 57/2, 57/3, 57/5, 57/6, 58/1, 59/1, 59/2, 60/1, 60/2, 63/16, 64/5 og 64/49.

Me vil samanfatte den samordna høyringa, og sende vår tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt forslag til kongeleg resolusjon i statsråd.

## Naturverdiar

Forslaget til vern er ei utviding av Hesten naturreservat. Det nye arealet strekkjer seg vidare frå grensa i nord mot Svinesvatna. Nye Hesten naturreservat dekker om lag 10708 daa, der utvidinga utgjer om lag 1414 daa.

Dei nye områda utgjer eit større skogsområde dominert av eldre kystfuruskog med høge nedbørmengder og viktige kvalitetar knytt til boreonemoral regnskog. Skogsmarka er dominert av furu og bjørk med blåbær og røsslyng. Utvidinga vil gje eit større skogsmiljø eigna til betre å ta vare på sårbare artar knytt til fuktige skogar i vintermilde klima.

Med dei verdiane utvidinga gjev, blir Hesten naturreservat eit stort, heilskapleg verneområde med mykje variert og lite rørt furuskog. Delar av området er høgproduktiv låglandskog med til dels urskogpreg, dominert av mykje gamal kystfuruskog. Men der er og innslag av rikare felt, med treslag som hassel, eik, ask, og svartor på fuktige stader.

Langs bekker og søkk kjem svartor inn, og i dei rikare delane finst innslag av småbregne- og lågurtmark med mellom anna ramslauk i skogbotn og murburkne på steinparti. Av trelag kan rogn, hassel, eik og osp nemnast. I fuktig li og nordvendte skrentar, finn me ei høgare luftfukt som gir høve til fleire karakterartar for dei tempererte regnskogane, til dømes pigghinnemose (VU), klommose (DD), grynfiltlav (VU), *Thelopsis cf. rubella* (VU), gul pærelav (NT), kystkorall-lav (NT), småhinnemose, purpurmose, kystperlemose, dvergperlemose, pelssåtemose, gullhårmose, krusfellmose, hinnebregne, vinflekklav. Det er eit rikt fugleliv med storfugl, hønsehauk og gråspett.

## Andre tilhøve



Området i nordvest omfattar stiar, traktorveggar, hytte/jaktbu og viltåker. Desse er nemnd i forslag til forskrift.

### Praktisk om høyringa

Vedlagt følgjer forslag til vernegrense på kart og forslag til verneforskrift for naturreservat.

### ***Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 21. august 2019.***

Innspel og merknader skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no).

Med helsing

Maj Britt Jensen  
Fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Vedlegg

- 1 Framlegg til forskrift for Hesten naturreservat i kommunane Forsand og Strand
- 2 Framlegg til vernekart for Hesten naturreservat i kommunane Forsand og Strand
- 3 Merknader til melding om utviding av Hesten NR i kommunane Forsand og Strand

### Adresseliste:

Egil Byberg	Postvegen 21	4110	Forsand
Fridtjov Thorsen Norland	Kolabygdvegen 572	4110	Forsand
Jan Olav Skeivik	Kolabygdvegen 378	4110	Forsand
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Vidar Berge	Stemvegen 102	4110	FORSAND
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO



Olav Hølleslid	Havn	4110	Forsand
Rogaland Botaniske forening			
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
SABIMA	Postboks 6784 St. Olavs plass	0130	OSLO
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Torhild Skeivik	Kjerrberg Terrasse 7	4051	Sola
Alise Skadberg Meling	Gydas Vei 50	4311	Hommersåk
KENNETH HETLELID	Fiskåvegen 596	4120	TAU
Allskog			
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 dep.	0033	OSLO
NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi	pb. 115	1431	ÅS
Norges geologiske undersøkelser (NGU)	pb. 6315 Torgard	7491	TRONDHEIM
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Vestskog SA	Skulegata 11A	5700	VOSS
A/S Skog	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Aadne Meling	Kolabygdvegen 503	4110	Forsand
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand
Jan Sverre Lie	Håbakkvegen 35	4120	Tau
LYSE ELNETT AS	Postboks 8124	4069	STAVANGER
Norges jeger og fiskerforbund	pb. 94	1378	NESBRU
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
Olav Lerang	Kolabygdvegen 445	4110	Forsand
RYFYLKE FRILUFTSRÅD	Gamle Jåttåvågen 67	4020	STAVANGER
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Svein Kjetil Rønnevik	Kvalvågvegen 297	4100	JØRPELAND
Trond Meling	Kolabygdvegen 514	4110	Forsand
Anne Marit Lie Gjerde	Heggheimsvegen 176	4120	Tau
Bjørn Magne Svines	Kvalvågvegen 431	4100	JØRPELAND
Leif Magne Idsøe	Småhaugvegen 110	4362	Vigrestad
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
Norges Bondelag	pb. 9354 Grønland	0135	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
ROGALAND BONDE & SMÅBRUKARLAG	Kyllesveien 59	4308	SANDNES
Torbjørn Vik	Sandsteinvegen 11	4100	JØRPELAND
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
Avinor AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Gunnar Erevik	Erevikvegen 3	4110	Forsand



Kommunenes sentralforbund Norsk Botanisk Forening avd. Rogaland Norsk friluftsliv	Fylkeshuset, Julsundveien 9	6412	MOLDE
Norsk Ornitologisk forening avdeling Rogaland	Skogsbakken 9	4319	SANDNES
Oddvar Meling Riksantikvaren Stadnamntenesta på Vestlandet, Språkrådet	Gydas Vei 50 pb.8196 dep.	4311 0034	Hommersåk Oslo
Arild Idsø	Idsevegen 358 A	4102	Idse
Eilin Kristine Erevik	Erevikvegen 17	4110	Forsand
Jarle Ravnås	Olsokhagen 15 A	4046	HAFRSFJORD
Jorunn Vistnes Heggland	Kolabygdvegen 410	4110	Forsand
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
NINA - Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
Norges Jeger og Fiskerforbund Rogaland	Postboks 313	4291	Kopervik
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Tore Botne	Nådlandsberget 35	4034	STAVANGER
Tore Marius Botne	Nådlandskausene 4	4034	STAVANGER
Trond Kjetil Øvstebø	Kvalvågvegen 666	4100	JØRPELAND
Åshild Rønnevik	Kvalvågvegen 297	4100	Jørpeland
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING Rogaland Bondelag	Sandgata 30B Postboks 278	7012 4002	TRONDHEIM Stavanger
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Tor Inge Melberg	Nedre Barkvedvegen 71	4100	Jørpeland